



Hjørnevåg hadde stand saman med Opplæringskontoret for fiskerifag i Hordaland. F.v: Marit Hjørnevåg og Bjørg Samuelsen.

Næringsmessa på Husnes i dag erstattar den årlege yrkesmessa som til vanleg er i Idrettshallen. Eit firma frå Uskedalen hadde stand. Det var Hjørnevåg som i messeområde var plassert saman med Opplæringskontoret for fiskerifag i Hordaland. På mange av dei andre standane fann vi sentrale leiarar frå Uskedalen.

Dagleg leiar i familieverksemda Brødrene Hjørnevåg AS, Marit Hjørnevåg, fortel til Uskedalen.no at målet med deltakinga er profilering og rekruttering. Med seg har ho Bjørg Samuelsen frå Opplæringskontoret og saman frontar dei sjømat og fiskerifaget som ei sterk framtidig næring. Marit er styreleiar i denne organisasjonen, som til vanleg har 6 - 7 møte i året. Det let seg gjera å få smaksprøver frå produksjonen i Uskedalen. I næringsavisa Ein ny vår i Kvinnherad har journalist Jorunn Larsen skrive ein fyldig og informativ artikkel om fiksematprodusenten Hjørnevåg, på heile 5 sider.



Magnhild Haugland frå Dimmelsvik Bil snakka godt med ungdomen om å velja eit framtidig yrke innan bilfaget. Tysnes Sparebank er sterkt representert med mellom anna avdelingsleiar Siren Simonnes. Banken er i vekst og kan syna til gode kvartalsresultat. Det same kan ein sei om SpareBank 1- SR bank Kvinnherad med banksjef Ivar Gundersen på plass på Storsenteret.

Fagforbundet hadde sin stand. Liv Sæbøe Eik er senior og står fram for ei stor og viktig gruppe, nemleg alle pensjonistane i forbundet.

Magnhild Haugland representerte Dimmelsvik Bil. I dag var det ikkje snakk om salg, men det å få dei unge til å velja bil som yrkesfag. Verksemda treng dyktige personar med kompetanse og utdanning innan bilfaget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Liv Sæbøe Eik representerte ei stor gruppe i Fagforbundet, nemleg pensjonistane.